

Meland Musikklag
Postboks 115
5906 FREKHAUG

11.11.2019

Meland kommune
v/teknisk etat
Postboks 79
5906 FREKHAUG

SØKNAD OM FRITAK FRÅ TILKNYTINGSAVGIFT AVLAUP

Meland Musikklag er ein frivillig organisasjon der inntektene er basert på dugnadsinnsats. Å drifta eit korps og eit hus er ressurskrevande både arbeids- og kostnadmessig. Me driv mykje godt samfunnsnyttig arbeid, bl.a. med hospitantordning for dei eldste ungdomane i skulekorpsa. Og huset vårt er ofte i bruk til bryllaup, konfirmasjonar og andre store dagar.

Å betala tilknytingsavgift no når det kjem ny avlaupsledning frå Tveit til Holme, vil gjera eit stort innhogg i vår økonomi. Meland Musikklag søker herved om fritak frå tilknytingsavgifta.

Vil også nytte høvet til å informera om at traseen på vassledning som no er i bruk, fekk ei veldig uheldig plassering for oss. Den vart nemlig lagt under Musikkhallen. Dette har påført Musikkhallen fukt- og råteskader og dermed kostnader for musikklaget.

Håper på eit positivt svar.

Helsing

Sissel Fløysand

Leiar Meland Musikklag